

Ei musikkoppleveling i Dønhaugkjedlaren

11.03.2018



Kira Martini Quartet (foto: Magne Huglen)

**Husnes Jazzklubb** baud fredag kveld på **Kira Martini Quartet** i Dønhaugkjedlaren. Godt 25 tilhøyrarar fekk oppleva fire musikarar med sterke formidlingsevne, topp handverk, og ein musikk som går rett heim sjølv til dei "ufrelste". Eg har vondt av dei som les dette, men ikkje var der.

Litt over kl. 21.00 tok Kira (vokal) og dei tre musikarane (Mads Søndergaard – keyboard og trekkspele, Anders Fjeldsted – bass, og Morten Ærø – trommer) oss med på ei variert og utsøkt reise i swingjazz/blues med røter i New Orleans, men svært godt krydra med fleire låtar frå Brasil (Antonio Carlos Jobim med fleire), ein del skandinavisk, og også noko sjølvkomponert. I tillegg til swingjazz var det – som sagt litt tidlegare – presentert svært varierte stilars, frå meir reint balladeprega, samba/bossa nova, engelske og amerikanske folkeviser, samt nummer som iallfall ikkje eg vil våga meg på å plassera.

Dei byrja med "In my Little Yellow House", ein roleg, stemningsskapande låt som Kira sa skulle syna oss vegen inn i deira univers. Alt her fekk me ei aning kva me kunne venta oss av soloperler frå dei tre instrumenttraktørane. "Gypsy in my Soul" (Ella Fitzgerald) fylgde, før den første brasilianske låten (alle dei brasilianske låtane hadde trekkspele som tangentinstrument).



På to av nummera spela Kira "gitarlele" - ein ukulelestor gitar.

Me fekk oppleva etablerte musikarar, som kjenner stoffet ut og inn, og som legg sjela inn i framføringa. Å lista opp nummer for nummer vil leia oss på avvegar – eg vil heller freista å gje eit bilet av kva me fekk oppleva.



Kontakt.

Den over to timer lange konserten vart ei oppleveling av formidlingsglede, utsøkte solistinnslag, utruleg godt samspel, vellæte og velvere – og ei kjensle av at det var nett deg dei einskilte spela for. I tillegg fekk me inntrykk

av at musikarane hadde det svært kjekt, og ga til beste av sitt beste. Her var det nok at du lika musikk – jazzihug var ingen føresetnad.



Eg trur sanneleg vokalisten er imponert over instrumentalistane og!

Eg har aldri opplevd så mange spontane – både imponerte og kjenslefylte – utbrot frå eit så sterkt engasjert publikum, og tvilar på at eg får oppleva det fleire gonger. Før me visste ordet av, var me komne til endes, men etter entusiastisk trampeklapp runda dei av med "Hymn to Freedom" av Oscar Peterson.

Husnes Jazzklubb er gode på å skaffa topp artistar, men dette knippet skal det litt til for å toppa. Godt at rekordjag ikkje er noko poeng! Ein stor takk for flott arbeid!

PS.: Dei som har forsømt seg, kan ta ein tur til Kulturhuset Kabuso i Øystese i kveld (sundag) – i går kveld spela dei på Stord, så kan henda var det kvinnheringar der?

Tekst/Foto\_2-4: Svein Rimestad

Nett: Hans Ordin Østebø